

# Bibeldomsetjing og sosial frigjering

KÅRE LODE

Emnet for denne artikkelen er blitt formulert på bakgrunn av røynsler frå Kamerun, og difor er det Kamerun som er i fokus. Det blir ikkje her gjort nokon freistnad på å setja emnet inn i ein større samanheng. Det er så mange døme frå Kamerun som illustrerer emnet, at det ville sprenga ramma å prøva å gje ei fullstendig framstilling – språkgruppe for språkgruppe. Artikkelen blir difor berre ein gløtt inn i eit interessant emneområde.

## 1 Geografisk og sosial kontekst

Adamaouaprovinsen med nabo område, der Det norske misjonsselskap (NMS) har arbeidd sidan 1925, har spesielle føresetnadar for at samanhengen mellom bibeldomsetjing og sosial frigjering skulle koma i fokus, dersom det i det heile er ein slik samanheng.

NMS og det amerikanske misjonsselskapet Sudan Mission arbeidde i geografisk tilgrensande område. Resultatet av deira innsats er blitt ei nasjonal luthersk kyrkje. Det er denne kyrkja som nå utgjer den formelle ramma for misjonsarbeidet, inklusive bibeldomsetjing med tilhøyrande litteraturarbeid. Innanfor det området der denne kyrkja arbeider, har omlag 40 språkgrupper sine hovudområde.

I første halvdel av det forrige hundreåret tok fulanerstammen den politiske og økonomiske makta i området. Dei andre stammene fekk innskrenka sin fridom. Det varierte frå ein relativt fri stilling mot betaling av ei årleg avgift for sume, til rein slavestatus for andre. Den politiske og økonomiske avhengigheten førde også til kulturell undertrykking. Deira språk hadde liten verdi. Kommunikasjon over stammegrensene måtte stort sett foregå på fulani. Styringsstrukturane fekk i liten grad vera instrument for folket sin vilje og for organisering av folket for å løysa prioriterte felles-

oppgaver. Dei blei langt på veg ein reiskap for å gjennomføra ordrar frå herskarane.<sup>1</sup>

Kolonimakta forsterka denne sosiale og kulturelle undertrykkinga. Franskmennene utnytta dei tradisjonelle styringsstrukturane for å administrera området. Dermed blei desse styrka på lokalplanet. Det nye elementet av europeisk administrasjon og skule gjekk utelukkande føre seg på fransk. Møtet med franskmennene hadde som følge at dei underkua folka endå ein gong blei minna om at deira eigen kultur ikkje hadde nokon verdi og at dei tradisjonelle herskarane fekk styrka si makt.

## 2 Misjonærane i møte med språkproblema

Me skal ikkje her gå inn på alle overlegningane til dei første misjonærane når det galdt val av arbeidsspråk. Dei vakla mellom *mbum* og *fulani* som hovudspråk, med *vute* og *haussa* som hjelpespråk. Dei fleste lærde fleire språk.<sup>2</sup>

I si tilnærming til språkforvirringa var der ein hovudskilnad mellom misjonærane og kolonistane. Misjonærane var aldri i tvil om at evangeliet måtte forkynnast på eit lokalt språk, at eit lokalt språk ikkje berre var godt nok, men at det var betre skikka enn eitkvart europeiske språk for å formidla det viktigaste av alt inn i ein afrikansk kultur. Utan at det sannsynlegvis var tenkt slik, var det ei sterk solidarisk handling å la *mbum* bli hovudspråket. Misjonærane våga å bli den veike parten ved å bruka eit språk som afrikanarane beherska betre, ei plattform der dei var overlegne. Etterkvart blei det utvikla ein heil litteratur på *mbum*: bibeldelar, katekisme, bibelhistorie, liturgi, sangbok, leseopplæringsmateriell, reknebok, eventyr og segner og mykje anna. *Mbum* blei kyrkjespråket. Mot slutten av 1960-talet fekk også *fulani* og fransk aukande innpass i kyrkja. Men dei kristne var ikkje *mbum*folk, *fulanarar* eller franskmenn. For å tilbe måtte dei gjera det på eit framandt språk. Mange trudde at dersom dei skulle be til Gud, måtte det skje på *mbum*, *fulani* eller fransk. Deira eige språk var ikkje godt nok.<sup>3</sup>

---

1) **Kåre Lode**: «Evangélisation et libération au Cameroun», *PosLuth* 41(1993) 201-221.

2) **Kåre Lode**: *Appelés à la liberté : histoire de l'Église Évangélique Luthérienne du Cameroun*, Amstelveen 1990, s 54-55.

3) **Konstane Raen** i samtale om starten på perelitteratur-arbeidet.

### 3 Guds ord på morsmålet – eit kamerunesisk initiativ

Den 4. april 1949 fekk ein ung katekist av diistammen, *Maidawa Thomas*, ein visjon: Diifolket skulle ein gong tilbe Gud og synga hans pris på sitt eige språk. Frå den dagen av tok han til å halda preikene på morsmålet, *yag dii*. Johannes Thrana var imot dette: Kyrkjepråket skulle vera mbum. Halfdan Endresen godtok det som skjedde utan å oppmuntra Maidawa. Men medan misjonæranne diskuterte om dei skulle støtta initiativet eller ei, sang diifolket på sitt eige språk på gudstenestene, og då Meidawa blei ordinert til prest, blei det sunge to salmar som var skrivne av læraren Selbe Pierre. Odd Dankel og Jan Walle forsto kva klokka var slagen, og gav Meidawa sin fulle støtte. Dei første førebuingane til bibeldomsetjing tok til. Diifolket heldt på å kasta av seg det mentale slaveåket, og dei fleste katekistane fylgde Meidawa sitt føredøme.<sup>4</sup>

Denne utviklinga tok til 12 år etter at NMS hadde hjelpt diifolket ut av fulanerkongen i Ngaoundéré sitt jerngrep. I heile denne tida hadde det vore relativt mange barneskular i området. Den sosiale forandringa hadde soleis vore på gang i fleire år, då Maidawa på ein avgjerande måte greip inn for å vera med på å styra retning og innhald. Det er ingen tvil om at bibeldomsetjingsarbeidet som fylgde, var med på å styrka sjølvkjensla til diifolket.

Den mest interessante utviklinga skjedde utan tvil i dei mindre utkantstammene, der fulanarane sin dominerande posisjon overlevde kolonitida, og administrasjonen i det sjølvstendige Kamerun fylgde same undertrykkingspolitikk som dei tradisjonelle herskarane.

### 4 Perefolket sitt møte med Bibelen

Perefolket held til i eit dalføre på grensa mot Nigeria. Tradisjonelt var ein del av dei underlagt lamido i Kontcha og resten under lamido i Tignere. Sjølv kalla dei seg langt ut på 1960-talet «slavane til lamido i Kontcha» og «slavane til den andre», som dei ikkje eingong våga å nemna namnet på.

*Konstanse* og *John Gunnar Raen* blei plasserte i Gadjiwan i 1972. John Gunnar Raen preika på fulani, men forsto fort at tolken ikkje omsette dei religiøse uttrykka til pere, men brukte fulaniord. Når dei ba, skjedde det på mbum, fulani eller fransk. Konstanse Raen starta med bibeldomsetjingsarbeidet etter å ha foretatt den grunnleggjande analysen av språket. Pere-

---

4) **Kåre Lode:** «Kamerun», *I tro og tjeneste : Det Norske Misjonsselskap 1842-1992* / Torstein Jørgensen (red.), Stavanger 1992, bd 2, s 83

folket var forbausa over at høgt utdanna europearar fann deira språk så interessant og så nyttig at dei nedla ein kjempeinnsats for å læra det. Dei blei endå stoltare då alfabetet blei presentert, leseopplæringsmateriell vart produsert og ein del brosjyrar tok til å bli publiserte. Emna var bibelforteljingar, songar, helse, jordbruk, hygiene, eventyr og mykje anna. Dei kristne tok til å bruka språket under gudstenesta. Dei laga salmar på pere til eigne melodiar og brukte dei i gudstenesta. Muslimar, animistar og kristne fylgde dei same leseopplæringskursa, og kjende den same gleda over å tilhøyra perefolket. Ein djuptgripande og relativt rask prosess var i gang, der perefolket blei klar over verdien i sitt eige språk og sin eigen kultur.<sup>5</sup>

Folk ute i dei småe landsbyane på peresletta, som berre hadde ein tradisjon – å motta ordrar og å utføra dei – tok til å organisera seg med sikte på å løysa fellesoppgåvar som ledd i økonomisk og sosial utvikling. Under leiging av landsbygdutviklingsprosjektet til kyrkja tok dei til med å rydda småskogen, byggja bruer, gjera vadestader farbare for å kunna få fram jordbruksprodukta for sal i dei større sentra. Utgangspunktet for denne frigjeringa av lokalt initiativ og lokale krefter var eit målmedvite og systematisk arbeid med å omsetja Bibelen til Pere.

Under eit forskarseminar, som kamerunesiske styresmakter organiserte i Ngaoundéré i 1992 med forskarar frå fleire land til stades, la parlamentsmedlem Saidou Sarki Fada fram ein interessant sosiologisk analyse av utviklinga i perestammen. Sarki Fada, som sjølv er muslim, brukte ein del plass på å kommentera dei sosiale konsekvensane av «perelitteraturen». Så gjekk han utover den vitskapelege ramma i konklusjonen sin: «Heile perestammen, utan unntak, er evig takknemleg mot familien Raen for eit arbeid som er så viktig at det ikkje kan uttrykkast i ord. Perefolket uttrykker ønske om å sjå familien koma tilbake frå tid til annan for å fylgja opp det arbeidet dei har starta. Samstundes bed dei alle som har god vilje, til – på ein eller annan måte – å støtta familien Raen for at perelitteraturen kan blomstra vidare slik at den kan halda fram med å bidra til utviklinga, eller snarare til frigjeringa av perefolket. Perefolket er, som mange av dei andre tidlegare underkua folka i Nord-Kamerun på leit etter seg sjølv, og har bruk for hjelp til å nå dette målet.»<sup>6</sup>

- 
- 5) **Konstanse** og **John Gunnar Raen** i intervju om pere litteratursenteret, 12.07.1979.
  - 6) **Saidou Sarki Fada**: «Une approche de la tribu pere», s 2-3 i manus til foredrag halde under forskarseminar i Ngaoundéré, Kamerun 15. januar 1992. Foredraget er seinare publisert i ein noko avsvokka form: «Les Péré (ou Koutine) de l'Adamaoua», *Peuples et cultures de l'Adamaoua (Cameroun)* / Jean Boutrais (ed.), Ngaoundéré; Paris 1993 (Colloques et séminaires), s 179.

Parlamentsmedlemet avslutta si framstilling med desse orda: «Perestammen takkar sterkt regjeringa, som stadig gjer det den kan for å forbetra livsvilkåra, utan å gløyma den protestantiske og den katolske misjonen som i 30 år har arbeidd utan å kvila, på frigjerings til denne stammen.»<sup>7</sup>

Konstanse Raen var for kort tid sidan attende i Kamerun for å delta i arbeidet ved perelitteratursenteret. Ho var slått av den aukande sjølvkjensla til perefolket, og ho bruker ein av dei muslimske sjefane som døme: «Ein av dei største sjefane på sletta våga ikkje å møta opp på den offisielle lesekampanjen for 15 år sidan. ... Både for han og stormennene hans var det større prestisje i å snakka fulani enn pere. Den same sjefen er nå blandt dei ivregaste til å møta fram på møta til den utvida språkkomiteen på Peresenteret. ... Han har oppdaga at det er misjonen og kyrkja som tek språket og kulturen hans på alvor. Det er gjennom språksenteret dei nå gjenoppdagar perefolkets eigentlege identitet og verde, og det er overraskande at dei nå seier det ope.» På hovudmøtet i språkkomiteen 27.12.94 var nær 50 personar frå leiarstjivet på manns- og kvinnesida møtt opp, med tre sjefar og partiformannen i spissen. Muslimane neglisjerte to bønerop, «for det var så over all måte interessant.»<sup>8</sup>

Staten har sett i gang med lokale radioprogram på pere. Perelitteratursenteret er det naturlege utgangspunkt for programidear. Det er blitt halde journalist- og forfattarkurs for å utnytta det nye mediet, og litteraturkomiteen tok på det møtet som er nemnt ovanfor, initiativ til å oppretta eit utviklingsfond. Dei første pengane kom inn i løpet av møtet, og innsamlinga er i gang på heile peresletta.<sup>9</sup>

På grunn av økonomisk krise i Kamerun blir ikkje vegane vedlikehaldne. Hovudvegen inn til peresletta er i ein forferdeleg forfatning. Folk får ikkje sendt ut jordbruksprodukta sine og manglar dermed kontanter til å betala for skulebøker og skulegang for borna. «På vår tur ned på sletta, (der vi brukte 3,5 timar på 70 km), traff vi grupper som var i gang med hakker og spader. Då vi stoppa for å helse, sa ein av leiarane gledesstrålande: 'Madame, dette er resultat av språkarbeidet! Det har samla oss og gitt oss tru på at vi kan greia noko sjølv.'»<sup>10</sup>

---

7) Ibid.

8) **Konstanse Raen:** upublisert reiserapport frå opphald i Kamerun 10.12.1994-13.01.1995.

9) Ibid.

10) Ibid.

## 5 Kolbila, Nduupa og Dugun

Litt lenger nord, i området sør og vest for Poli, lever tre andre folk: Kolbila, Nduupa og Dugun. Dei er mindre enn perefolket. Inntil for 10–15 år sidan var dei meir undertrykte enn perefolket, og den sosiale frigjeringsprosessen, som fylgde bibelomsetjingsarbeidet, var raskare og meir omfattande.

Kolbilafolket var undersåttane til lamido i Bantadje. *Lars Lode*, som tidlegare hadde vore med på bibelomsetjingsarbeid til yag dii organiserte eit opplegg med parallell omsetjing av evangelietekstar, bibelhistorie og liturgi til tre språk samstundes: kolbila, nduupa og dugun. Den fonetiske og lingvistiske analysen på tre språk samstundes var ein historisk milepæl, men endå meir forbausande var det som skjedde under leseopplærings- og evangeliseringsarbeidet som fylgde. Då dette starta i 1987, var det berre ein einaste kristen av kolbilastammen i Bantadjeområdet.

Lamido i Bantadje gjekk imot leseopplæring av sine undersåttar. I 1980, då nokre kristne av ein annan stamme feira jul i ein av landsbyane i hans område, påla han dei tvangsarbeid som straff. I 1987 nedla han forbod mot å feira jul i sitt rike. Lars Lode reiste då til landsbyen for å støtta dei kristne. 80 kristne feira jul i tre dagar og tre netter. Frå nå av tok folk til å mista redsla for lamido. Kyrkja innsette ein katekist i landsbyen. Lamido prøvde sjølvstøtt å gjera motstand. I 1990 prøvde han å hindra innsettinga av ein ny katekist, men synodepresidenten greip inn og greidde å ordna saka. Men dei kristne mottok truslar og blei pålagde bøter under ulike påskot. Ein open kamp om religiøs og sosial fridom var i gang, og situasjonen såg alvorleg ut. Kyrkjepresident Songsaré Amtsé Pierre reiste til Bantadje for å roa situasjonen. Han kravde av lamido at han aksepterte landet si lovgjeving og tillet religionsfridom for sine undersåttar. Det kom til eit stort folkemøte framfor sjefsgarden. Dei kristne heldt fram heftet med Markus-evangeliet som om det var menneskerettserklæringa, og dei ropte at denne boka sa at alle menneske var like framfor Gud. Gjennom leseopplæringskursa hadde folket blitt kjent med kyrkja, ein organisasjon som var sterkare enn den tradisjonelle politiske makta. Dei var ikkje lenger redde. Mange episodar viser det same mønsteret, og katekumenar og nydøpte kristne teljer nå hundrevis.

I april 1992 møtte eg André, ein av katekistane i området. Han underviste katekumenar og kristne, og han gav dei råd når dei nå tok til å orientera seg i dei mange nye utfordringane som den nye fridomen gav. Var det muleg å la barna gå i skule utan å be lamido om løyve? Var det i så fall muleg å velgja skule fritt? Var det muleg å selgja avlingane sine fritt slik at dei fekk marknadspris i staden for å selgja til dei oppkjøparane som lokale

styresmakter hadde avtale med og som gav lite for produkta? André hørde på, gav råd, og tok på seg praktiske oppgåver for å ordna opp i både det eine og det andre. André hadde investert i ei mølle som han skulle setja opp i ein landsby for å letta arbeidsdagen for kvinnene og for å tena pengar på det. Folket var i ferd med å organisera si eiga framtid. Dei hadde fått tru på seg sjølv, dei visste om rettar som dei for kort tid sidan ikkje kjende til. Det var håp om ei betre framtid. Men det starta med leseopplæringsklassane, som var ein del av bibeldomsetjingsprogrammet.

Oppe i Yingafjella, sør for Poli, bur det nokre hundre menneske av dugunfolket. Dei har vore svært isolerte og ikkje hatt del i utviklinga som folket nede på sletta har gjennomgått dei siste par generasjonane. Dei brukte ikkje klede, hadde ikkje identifikasjonspapir, betalte ikkje skatt – og styresmaktene ville ikkje risikera å klatra 1300 meter opp i fjellet for å møte fiendleg innstilte menneske som kjende alle krokar i terrenget. Fjellfolket var redde for å koma ned på sletta, der dei risikerte å bli utnytta av dei andre. Dei kjende ikkje til kva rettar dei hadde, men dei tok til å innsjå at dei måtte koma ut av bakevja. Dei såg kva leseopplæringskursane nede på sletta hadde ført til av fridom og forandring. Dei fekk tiltru til Lars Lode, André og dei andre medarbeidarane.

Då generalsekretær Tor B. Jørgensen og eg gjekk opp i Yingafjella i april 1992, fekk me sjå dei første «skulane» i fjellheimen: Det var grastak til skugge mot sola. Kyrkja hadde lova å senda opp ein lærar veka etterpå. Folket skulle skaffa han og familien hus. Løn skulle kyrkja ta seg av gjennom eit lese- og vaksenopplæringsprosjekt som har støtte frå Norad. Den nye tida var komen til fjellfolket. Dei hadde sjølv valt tidspunktet, måten og organisasjonen som skulle visa dei vegen ut av bakevja. Dei måtte skapa ein lokal organisasjon som kunne ta seg av desse nye aktivitetane, og nokså snart tok dei hand om prosessen sjølve. I 1994 gav ein av landsbyane, Toni, melding om at dei tok fullstendig økonomisk og praktisk ansvar for det vidare arbeidet, dvs gudsteneste (for det hadde dei sjølv sagt organisert til ære for frigjeraren), katekumenundervisning og leseopplæring. Den læraren kyrkja hadde sendt, kunne reisa heim. Dei trong berre bøkene utanfrå. Eit nytt folk hadde møtt evangeliet gjennom leseopplæringsprogrammet som var knytta til bibeldomsetjings-prosjektet, og hadde funne ut at vegen til framtida låg her.

Folket i Voko og Mana hadde også funne ut at dette var verd å satsa på. Lars Lode kunne bruka meir av tida si her. Kolbila og Nduupa greidde seg stort sett sjølv. Dei styrte sin eigen veg i nært samarbeid med katekistane. På eige initiativ sender ein del av dugun- og kolbilabyane ut sine misjo-

nærar til nabobyane og opp i fjellheimen, for å driva med lese- og vaksenopplæring og for å gjera kjent bodskapen om han som gjer alle ting nye. Frå 01.01.1995 er Bantadje og Yinga kantonar utskilt som eige prestegjeld.<sup>11</sup>

Leseopplæringskampanjane, bygd på bibelomsetjingsarbeidet, hadde utløyst så mykje initiativ og ansvar hos dei gruppene det galdt, at Lars Lode organiserte eit større lese- og vaksenopplæringsprosjekt for fleire språkgrupper. Det er dette prosjektet det delvis er vist til ovanfor. Det starta i 1993 med støtte frå Norad. Prosjektet var for dette året kalkulert til totalt kr. 1.164.000 – av dette var kr. 380.000 lokal innsats. Året etter var den totale ramma gått ned til kr. 1.053.000, men den lokale innsatsen var auka til kr. 433.000. I store trekk blei prosjektet gjennomført i samsvar med desse planane. Den lokale innsatsen består av:

- å skaffa hus til fastbuande arbeidarar i prosjektet
- å skaffa hus til tilreisande arbeidarar og kursdeltakarar
- å skaffa hus til undervisninga
- hjelpelærarar som tek timeundervisning gratis
- faste arbeidarar som arbeider for 1/3 av tariffløn
- ein god del administrasjonsarbeid som blir gjort frivillig av kyrkjelege tilsette<sup>12</sup>

I rapporten for andre kvartal i 1994 står det: «I dei to landsbyane i Bantadjeområdet der me måtte trekka tilbake lærarane i 1993, har landsbyfolket sjølv hyrt nye lærarar for å starta skule for borna. Skulen fungerer ennå.»<sup>13</sup> Same rapport nemner om kompanaspråket: «arbeidarane har omsett den første rekneboka og bøkene om tuberkulose og meslingar.»<sup>14</sup>

Omfanget og innhaldet av undervisninga er langt på veg avgjort av folket lokalt, og fenomenet er smittsamt. Kyrkja sitt eige trykkeri trykker manuskripta etter kvart som dei lokale styrene og den sentrale litteraturnemnda har godkjent dei. Plandokumentet frå 1992 omfatta ni språkgrupper, i rapportane for 1994 er 16 prosjekt omtala.

Lars Lode laga i 1993 eit lite notat om drivkrefter i sosial utvikling i Nord-Kamerun. Der kjem han med synspunkt på kvifor dei sosiale forandringane har kome i kjølvatnet av bibelomsetjingsarbeidet. Eg vil avslutta denne artikkelen med nokre klipp frå det notatet:

11) **Lars Lode** i privat brev av 08.02.1995.

12) *Søknad til Norad av 14.05.92*, vedlegg 2.

13) *Rapport til Norad for 2. kvartal 1994 for litteratur-prosjekta i Kamerun*.

14) *Ibid.*



I all utvikling er det drivkrefter. I sosial utvikling gjeld det om å tilføra drivkrefter utanfrå eller løysa ut lokale drivkrefter som er bundne. I sosial utvikling i Nord-Kamerun ser det ut til at religion og sjølvtilitt er dei sterkaste drivkreftene. ... Animisme, vanlegvis kombinert med fedredyrking, er konservativt av vesen. ... Islam er óg i sitt vesen konservativ. ... I mange tilfelle løyser overgangen frå fedredyrking til islam ut sterke drivkrefter som kan føra til positiv utvikling sosialt og økonomisk. ... Kristendomen er i sitt vesen aktiv. ... Overgangen til kristen tru fører ofte til store forandringar sosialt og økonomisk. ... Av sosiale drivkrefter er sjølvtilitt og sjølvrespekt to av dei sterkaste. ... For å få sendetid på offentleg radio må eit språk godkjennast som nasjonalt språk. Vilkåret er at språket har ein skriftleg litteratur, og at ein del av denne litteraturen er høgstatuslitteratur. Høgast stiller Bibelen, grammatikk og ordbok. Deretter kjem leseverk til leseopplæring. Helselitteratur, eventyr og bøker om jordbruk o.l. er ikkje statuslitteratur, bare vanleg brukslitteratur. Dette fører til at óg folkeslag som er sterkt muhammedanske, gjerne vil ha delar av Bibelen på morsmålet. Det viser at folket deira er verd noko. Eit døme på dette er nizaafolket, der bibeldomsetjing og språkarbeid er hjarteleg velkomen.<sup>15</sup>

Folk må få lov til å velgja kva litteratur dei vil ha dersom dei skal vera motiverte til å læra å lesa. Difor varierer breidda i litteraturtilfanget frå prosjekt til prosjekt:

Bibelen er høgstatuslitteratur i Kamerun, men det er andre, heilt praktiske og pedagogiske grunnar til å ha bibeldomsetjing på programmet i eit språkprosjekt. For det fyrste er det rikeleg med faglitteratur. For det andre er der i Kamerun stadig kurs for omsetjarar med døme frå bibeldomsetjing. For det tredje finst alle tekniske og praktiske vanskar der: tidsforskjell, kulturforskjell, nye tankar, nye omgrep. Omsetjarane får øving i å handtera alle slags vanskar. Har dei vore med på å omsetja Bibelen til morsmålet, vil dei sidan kunna handtera all anna slags litteratur, ofte i samarbeid med fagfolk i emnet, t.d. helsepersonell for helselitteratur og agronomar for jordbrukslitteratur. Det var dette som gjorde at under Mengistu var der kurs i bibeldomsetjing på universitetet i Addis Abeba, medan kristendomen var forboden i Nepal, var der kurs i bibeldomsetjing på universitetet i Katmandu og så vidare.<sup>16</sup>

Det er god grunn til å tru at Lars Lode sin analyse av årsakssammenheng mellom bibeldomsetjingsarbeid og sosial og økonomisk utvikling er rett. Det forklarar i alle fall på ein truverdig måte ein samanheng som er lett å observera.

---

15) **Lars Lode:** *Notat om drivkrefter i sosial utvikling i Kamerun*, 1993.

16) *Ibid.*